



Og Arkitekter As
Petter Tenold
Postboks 24
5819 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/45 - 17/281

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
04.01.2017

Løyve til etablering av felles teknisk infrastruktur og uteopphaldsareal Langheiane B6 og B7 - gbnr. 188/771 og 793 Gjervik ytre

Administrativt vedtak. Saknr: 005/17

Tiltakshavar: Orion Prosjekt As
Ansvarleg søkjar: Og Arkitekter As
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

Tiltak

I samband med ønskje om mellombels bruksløyve for delar av bustadane innanfor felt B7 i gjeldande reguleringsplan Langheiane B6 og B7/planid.: 1263-201003, vart det avdekka at det har vore misforståelse mellom kommunen og ansvarlege i sak 14/7672 og sak 14/7741 i høve kva ansvar som ligg i dei respektive sakene. For å rydde opp og sikre kontinuitet og sporbarhet, vert det no i eiga sak vurdert og handsama etablering av felles teknisk infrastruktur for reguleringsplan Langheiane B6 og B7/planid.: 1263-201003, og gjeld følgjande område innan for reguleringsplanen:

- O_GV1
- O_TD
- F_KV
- O_KV med felles avkøyrsløp til planområdet
- F_LEIK1
- F_LEIK2
- F_POST
- F_RA
- F_PP1
- Felles VA-anlegg i planområdet
- O_PN med offentleg sti mellom O_KV og O_FT

Det ligg føre godkjenning av VA-rammeplan, jf. e-post frå tenkisk drift datert 17.08.15 stadfesta 24.08.15. Dokument er arkivert under arkivsak 14/7672 og 14/7741.



HISTORIKK

Løyve gjeve i sak 14/7672 (Felt B6)

1. Dispensasjon og rammeløyve datert 09.07.15, Løyve til opparbeiding av utvendig felles parkeringsplass med felt B7, interne fellesvegar, opparbeiding av felles leikeplass, offentlig sti og gangveg gjennom planområdet mv. Vedtaket omfattar og godkjenning av Miljøconsult AS for prosjektering av VA-anlegg (VA-rammeplan).
2. Løyve til igangsetting av grunn- og betongarbeider datert 03.09.16.

Løyve gjeve i sak 14/7741 (Felt B7)

1. Dispensasjon og rammeløyve datert 21.07.15.
2. Løyve til igangsetting, datert 04.09.15, av grunnarbeid og utvendig VA samt uteområde.

VURDERING

Rammeløyve gjeve i sak 14/7672 omhandlar opparbeiding av felles teknisk infrastruktur, leikeplassar, sti og gangveg gjennom planområdet. Når det i sak 14/7741, vart søkt om igangsetting av grunnarbeid, utvendig VA, samt uteområde, gav vi i vårt vedtak datert 04.09.15 berre løyve til tiltak innanfor felt B7 inkludert område F_LEIK2. Intensjonen ved søknad om IG del 1 i sak 14/7741 har frå søkjar, prosjekterande og utførande si side vore opparbeiding av alle område og anlegg lista opp innleiingsvis.

Ansvarleg søkjar, v/Dag Dalland, i sak 14/7672 (Felt B6) har i brev datert 21.12.16, bekrefta at områder og anlegg lista opp innleiingsvis og godkjent ved rammeløyve i sak 14/7672 er overført til sak 14/7741.

For å sikre sporbarhet i høve ansvarsfordelinga med omsyn til utført arbeid innanfor planområdet, vert arbeid knytt til opparbeiding av område nemnd i lista ovanfor trekt ut av sak 14/7741 og 14/7672. Det vert oppretta ny sak som omhandlar nemnde fellesområde innan reguleringsplan Langheiane felt B6 og B7/planid.: 1263-201003.

Alt arbeid knytt til opparbeiding av fellesområda er prosjektert og utført av føretak godkjent for ansvarsrett i administrativt vedtak saknr. 354/15 datert 04.09.15.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løyve i eitt-trinn for etablering av følgjande område i reguleringsplan Langheiane B6 og B7:

- O_GV1
- O_TD
- F_KV
- O_KV med felles avkøyrsløse til planområdet
- F_LEIK1
- F_LEIK2
- F_POST
- F_RA
- F_PP1
- Felles VA-anlegg i planområdet

- O_PN med offentlig sti mellom O_KV og O_FT

Løyve vert gjeve på følgjande vilkår:

1. Områda skal opparbeidast i samsvar med godkjent plankart.
2. Vilkår knytt til dei akutelle områda i Rammeløyve i administrativt vedtak saknr. 301/15 datert 09.07.2015 i arkivsak 14/7672 vert gjort gjeldande for tiltaket.
3. Vilkår knytt til dei aktuelle områda i Rammeløyve i administrativt vedtak saknr. 208/15 datert 21.07.2015 og i administrativt vedtak saknr. 354/15 datert 04.09.15 i arkivsak 14/7741 vert gjort gjeldande for tiltaket.
4. Ansvarsrettar knytt til SØK, PRO og UTF godkjent i arkivsak 14/7741 i administrativt vedtak saknr. 208/15 datert 21.07.15 og i administrativt vedtak saknr.354/15 datert 04.09.15 vert gjort gjeldande for tiltaket.

Grunngjeving av vedtaket går fram av saksutgreiinga.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 17/45

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Mellombels bruksløyve/Ferdigattest

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Dispensasjon og rammeløyve - Oppføring av 3 bustadblokker - gbnr 188/770 , 771, 793 - Langheiane B7

Løyve til igangsetting - Grunnarbeid og utvendig VA - gbnr 188/770, 771, 793 Langheiane B7

Dispensasjon og rammeløyve for oppføring av to bustadblokker og rekkehus med tilhøyrande anlegg - gbnr 188/769 Gjervik ytre

Løyve til igangsetting for delar av tiltaket - grunn- og betongarbeid - gbnr 188/769 Gjervik ytre

Kopi til:

Erstad & Lekven Utbygging As	Paradisalléen 8	5232	PARADIS
Orion Prosjekt As	Postboks 449 Nesttun	5853	BERGEN

Mottakarar:

Og Arkitekter As	Postboks 24	5819	BERGEN
------------------	-------------	------	--------